

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 223	14/1254

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2015	Formannskapet	PS	13.01.2015

Søknad om tilskot til oppkøyring av skiløyper i Stordalen

Vedlegg:

Søknad om tilskot til sporkøyring vinteren 2015

Vedlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev tilskot på kr. 10.000,- som omsøkt, under føresetnad at dei andre partane som det er søkt om støtte og går inn med omsøkt medfinansiering. Midlane vert løyvd over disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Stordalen Vel v/ Rune Brundland har søkt om tilskot til oppkøyring av skiløyper i Stordalen vinteren 2015. Det vert vist til tilbod frå Berg Fritid v/ Arne Berg, der løypetrasear og planlagt tidsbruk til slik løypekøyring er vist. Planlagt ressursbruk er på 54.000,-, og søknaden til Masfjorden kommune er på kr. 10.000,-.

Vurdering

Stordalen er eit satsingsområde i Masfjorden kommune sine planverk knytt til næringsutvikling og i høve andre målsettingar knytt til friluftsliv, folkehelse og reiseliv m.v. Rådmannen er samd med Stordalen Vel i at det er viktig å leggja til rette for skigåing i løyper i Stordalen, og at dette vil kunna styrka Stordalen som aktivitetsområde om vinteren. Ein rår difor til at søknaden om tilskot vert innvilga på vilkår om at dei andre partane som det er søkt om støtte hjå, går inn med omsøkt medfinansiering.

Konklusjon

Rådmannen meiner det er god ressursbruk å gje tilskot som omsøkt på vilkår om at dei andre partane går inn med omsøkt medfinansiering.

Formannskapet - 013/2015

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune gjev tilskot på kr. 10.000,- som omsøkt, under føresetnad at dei andre partane som det er søkt om støtte og går inn med omsøkt medfinansiering. Midlane vert løyvd over disposisjonsfondet.